



MØTEINNKALLING

Organ: HOVUDUTVAL FOR OPPLÆRING

Møtestad: Røde Kors Nordisk UWC, Dale

Møtedato: 10.05.2017

Tid: 09:45

Medlemene blir med dette kalla inn til møtet. Eventuelt forfall må meldast til utvalssekretæren straks. Varamedlemer møter berre etter særskild innkalling.

SAKLISTE

Saksnr.	Arkivsaksnr. / Tittel
7/17	17/3567 Høyring - forslag om overgang frå Vg1studiespesialisering til yrkesfagleg programområder på Vg2
8/17	17/4320 Høyringsnotat Fagbrev på jobb
9/17	17/998 Budsjett 2018 / økonomiplan 2018-2021 - Arbeidsdokument 2/17
10/17	17/1030 Skriv og meldingar HO 10.05.2017

Medlemmane i hovudutvalet for opplæring skal møtast kl. 18:00 9. mai på UWC, Dale. Der vil det bli informert om UWC og arbeidet deira.

Minner om at det i samband med møtet i hovudutvalet også vert møte i styringsgruppa for nytt mål- og strategidokument.

Etter HO-møtet den 10. mai vert det orienteringar og omvising på Dale vgs:

15 min. Kva kjenneteiknar skulen?

- Utviklingsplanen for skulen ligg som vedlegg til saklista

20 min. Møte med leiing og tillitsvalde.

Tema 1: Gjennomføring og formidling.

- Korleis arbeider skulen med å auke gjennomføringa?
- Korleis samarbeider ein med lokalt arbeids- og næringsliv om å få elevane ut i lære?

Tema 2: Den lokale samfunnsrollen.

- Kva samarbeid, nettverk og synergjar er det mellom skulen og lokalsamfunnet?
- Kva samarbeid er det med andre skular i regionen og fylket?

20 min. Møte med elevrådet.

- Kva saker arbeider elevrådet med?

Tema 1: Trivsel

- Korleis fungerer skulehelsetenesta og miljøkoordinator?

Tema 2: Mestring

- Korleis var overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule?
- Fekk de relevant rådgjeving ved innsøking til vidaregåande opplæring?

Omvising på skulen etter orienteringane.